

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021**

**Arve Helle (A)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styreleiar i Lutelandet Utvikling AS. Helle gjekk frå under spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helle gjekk frå under behandlinga av saka.

### **Avrøysting**

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune tek imot tilbodet frå dei andre eigarkommunane om å kjøpe fylkeskommunen sine 768 aksjar i Lutelandet Utvikling AS til pålydande verdi (1000 kr per aksje).
2. Aksjane vert fordelt slik på kommunane: Fjaler kommune kjøper 320 aksjar, Askvoll kommune kjøper 180 aksjar, Hyllestad kommune kjøper 180 aksjar og Solund kommune kjøper 88 aksjar.
3. Salsutbytet, til saman 768 000 kr minus eventuelle omsetningskostnader, skal setjast av til ubundne fond, jf. reglementet for fylkesutvalet punkt 2.1.1.